**RFF - sak 14/2015 Vedtak/uttale:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 med endringsframlegg frå Formannskapet vert teken til orientering.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Melding om vedtak/uttale til budsjettet frå Arbeidsmiljøutvalet vart lagt fram i møtet.

Oversendingsforslag frå Anneli Vatle Lilletvedt på vegner av SV, H, KRF, FRP, MDG:

*Kommunestyret ber om ei orientering i neste møte vedr. støttefunksjonane til barn og unge i kommunen, innan fagfelt*

- rus og psykiatri*
- skulepsykolog*
- barnevern*
- helsesøster*



## Vaksdal kommune

Oversendingsforslag frå Boris Groth på vegner av SV, H, KRF, FRP, MDG:

*Evaluering folkebadet*

*Kommunestyret ynskjer ei sak som belyser:*

- organisering og opningstider*
  - betalingssatsar og total økonomi*
  - helsebadet, temperaturar m.m.*
- innan 1. halvår 2016.*

Oversendingsforslag frå SV:

*Brøyting Herfindalsvegen.*

*Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til kommunestyret til februar 2016 gjeldande brøyting av Herfindalsvegen og eventuell opning av vegen til påske 2016. Ei slik sak bør innehalde eventuelle konsekvensar for vegvedlikehald, planlagt vedlikehald sommaren 2016 og ei oppdatert kalkyle over kva det vil koste å opne vegen til 2016.*

Kommunestyret slutta seg samrøystes til alle oversendingsforslaga.

**KOM - sak 87/2015 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 m/endringsframlegg frå formannskapet vert vedteke.

---

**88/2015: DIVERSE - ÅRSAVSLUTNING 2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2015:



DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Bruk av Flyktningefond 2.561125	Avskrivning flyktningeboliger, kto 1940.1125.265	kr 20 000
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med reduserte driftsmidler.	Konto 1570.1199.180, overføring til kapitalrekneskapen, vert auka	kr 6 200 000
	Bruk av premiefond i drift. Konto 1091.1199.180, vert redusert	kr 6 200 000
	Auka låneopptak, jfr 2.tertialrapport.	kr 6 000 000
KAPITALBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Eigenkapitalinnskot / Aksjekjøp KLP.	Konto 3529.1190.172 kjøp av aksjar	kr 8 100 025
	Bruk av Fond 2.569900	kr 1 900 025
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med overføring frå driftsbudsjett.	Konto 3970.9900.880, overføringar frå driftsrekneskapen, vert auka	kr 6 200 000
Kjøp av naustetomt på Stanghelle	Bruk av Kapitalfond (VOE-fond) 2530010	kr 328 525
	<b>Justering av investeringsbudsjettet</b>	
	Investeringar skulebygg m/lån og Strakstiltak Dale Barne- og Ungdomsskule: Meirforbruk i 2015 vert dekkja av tilsvarande redusert løyving i budsjettet for 2016. Vert finansierte i 2015 med lån med rentekompensasjon.	kr 1 066 453
	Eigedomsforvaltninga byggtjenester, reduksjon	-kr 466 226
	Ombygging av 5.etg Heradshuset, auke	kr 790 055
	Prosjekt Gateadresser	kr 120 000
	Sum	kr 1 510 282
	Finansierte ved salsmidler	kr 556 309
	Finansierte med auka låneopptak	kr 953 973

Det vert avsett til Flyktningefond 2.561125 med føresetnad om at det vert overskot.

Vaksdal kommunestyre godkjenner også at følgjande budsjettbeløp vert justert i 2015 og tatt inn igjen i budsjett 2016 ved justering: Tettaneset bu-visjon: kr 10.250.000. Bustader Lavik: kr 3.700.000

For dei prosjekta som ikkje skal dekkast av fond, vil vi redusere lån, salsinntekter og andre frie inntekter ved behov.

#### **Kommunestyret 14.12.2015**

##### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

##### **KOM - sak 88/2015 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2015:



DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Bruk av Flyktningefond 2.561125	Avskrivning flyktningeboliger, kto 1940.1125.265	kr 20 000
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med reduserte driftsmidler.	Konto 1570.1199.180, overføring til kapitalrekneskapen, vert auka	kr 6 200 000
	Bruk av premiefond i drift. Konto 1091.1199.180, vert redusert	kr 6 200 000
	Auka låneopptak, jfr 2.tertialrapport.	kr 6 000 000
KAPITALBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Eigenkapitalinnskot / Aksjekjøp KLP.	Konto 3529.1190.172 kjøp av aksjar	kr 8 100 025
	Bruk av Fond 2.569900	kr 1 900 025
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med overføring frå driftsbudsjett.	Konto 3970.9900.880, overføringar frå driftsrekneskapen, vert auka	kr 6 200 000
Kjøp av naustetomt på Stanghelle	Bruk av Kapitalfond (VOE-fond) 2530010	kr 328 525
	<b>Justering av investeringsbudsjettet</b>	
	Investeringar skulebygg m/lån og Strakstiltak Dale Barne- og Ungdomsskule: Meirforbruk i 2015 vert dekkja av tilsvarande redusert løyving i budsjettet for 2016. Vert finansierte i 2015 med lån med rentekompensasjon.	kr 1 066 453
	Eigedomsforvaltninga byggenester, reduksjon	-kr 466 226
	Ombygging av 5.etg Heradshuset, auke	kr 790 055
	Prosjekt Gateadresser	kr 120 000
	Sum	kr 1 510 282
	Finansierte ved salsmidler	kr 556 309
	Finansierte med auka låneopptak	kr 953 973

Det vert avsett til Flyktningefond 2.561125 med føresetnad om at det vert overskot.

Vaksdal kommunestyre godkjenner også at følgjande budsjettbeløp vert justert i 2015 og tatt inn igjen i budsjett 2016 ved justering: Tettaneset bu-visjon: kr 10.250.000. Bustader Lavik: kr 3.700.000

For dei prosjekta som ikkje skal dekkast av fond, vil vi redusere lån, salsinntekter og andre frie inntekter ved behov.

---

## 89/2015: BUDSJETT 2016 FOR AO-SENTERET - GODKJENNING

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjettframlegget for 2016 for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF vert godkjent slik det ligg føre frå styremøte for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF den 27.11.2015. Endeleg tilskot frå Vaksdal kommune vert fastsett når tilsagn om tilskot frå NAV er gitt. Rådmannen får fullmakt til å foreta budsjettjustering inntil kr 16.100 etter at tilsagn om tilskot frå NAV er gitt.



**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 89/2015 Vedtak:**

Budsjettframlegget for 2016 for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF vert godkjent slik det ligg føre frå styremøte for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF den 27.11.2015.

Endeleg tilskot frå Vaksdal kommune vert fastsett når tilsagn om tilskot frå NAV er gitt. Rådmannen får fullmakt til å foreta budsjettjustering inntil kr 16.100 etter at tilsagn om tilskot frå NAV er gitt.

---

**90/2015: GODKJENNING AV KULTURMINNEPLAN 2015-2018 FOR VAKSDAL KOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kulturminneplan 2015-2018 for Vaksdal kommune vert vedteken der viktige innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Økonomiske konsekvensar av planen vert sett i samanheng med økonomiplan/budsjettprosessar.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 107/2015 Tilråding:**

Kulturminneplan 2015-2018 for Vaksdal kommune vert vedteken der viktige innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Økonomiske konsekvensar av planen vert sett i samanheng med økonomiplan/budsjettprosessar.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Saksordførar Arne Normann og miljøvernrådsgjevar Sveinung Klyve orienterte.

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 90/2015 Vedtak:**

Kulturminneplan 2015-2018 for Vaksdal kommune vert vedteken der viktige innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Økonomiske konsekvensar av planen vert sett i samanheng med økonomiplan/budsjettprosessar.



**91/2015: DRIFTSMODELL FOR TURBINEN FLEIRBRUKSHALL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:
  - a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
  - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunnngjering på førehand
  - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 108/2015 Tilråding:**

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:
  - a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
  - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunnngjering på førehand
  - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 91/2015 Vedtak:**

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:



- a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
  - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunngjering på førehand
  - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.
- 

## **92/2015: VERTSKOMMUNESAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 01.01.2016. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å delegere mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften)*

Vertskommunesamarbeidet vert evaluert årleg. Evalueringa vert lagt fram for Vaksdal kommunestyre, første gong etter å ha vore trådt i kraft i eitt år.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015**

#### **Behandling:**

Rådmannen orienterte om saksprosessen. Ho opplyste om at saka og skal behandlast i administrasjonsutvalet før kommunestyret.

Med heimel i kommunelova § 31(4) vart møtet lukka for å gje formannskapet informasjon som ikkje er offentleg.

Med bakgrunn i skriv frå Fagforbundet v/leiar, vedtok formannskapet å senda saka vidare til administrasjonsutvalet uten å realitetsbehandla ho.

#### **FPØ - sak 109/2015 Vedtak:**

Formannskapet sender saka vidare til administrasjonsutvalet uten realitetsbehandling.

### **Administrasjonsutvalet 07.12.2015**

#### **Behandling:**

Vedteke mot 4 røyster (SV, Heidi Rongved (AP), Bente K. T. Hesjedal og Thor Andersen frå Fagforbundet)





**ADM - sak 13/2015 Tilråding:**

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 01.01.2016. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å delegere mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften)*

Vertskommunesamarbeidet vert evaluert årleg. Evalueringa vert lagt fram for Vaksdal kommunestyre, første gong etter å ha vore trådt i kraft i eitt år.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Med heimel i forvaltningslova § 6a / § 6 2. ledd vedtok kommunestyret samrøystes at Magne Hestad er ugild i saka.

Med heimel i forvaltningslova § 6b / § 6 2. ledd vedtok kommunestyret samrøystes at Boris Groth er ugild i saka.

**Utsetjingsframlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP og SP:**

Saka vert utsett. Før saka vert fremja på ny går rådmannen i dialog med brannmannskapet der dei får informasjon og får koma med sine innspel. Referat frå møtet skal fylgja saka når den kjem opp att.

Framlegget samrøystes vedteke.

**KOM - sak 92/2015 Vedtak:**

Saka vert utsett. Før saka vert fremja på ny går rådmannen i dialog med brannmannskapet der dei får informasjon og får koma med sine innspel. Referat frå møtet skal fylgja saka når den kjem opp att.

---

**93/2015: FORSLAG TIL ENDELEG PLANPROGRAM FOR VAKSDAL VASSVERK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §12-9 fastset kommunestyret i Vaksdal endeleg planprogram for Vaksdal vassverk, planID 2015001.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 110/2015 Tilråding:**

I medhald av plan- og bygningslova §12-9 fastset kommunestyret i Vaksdal endeleg planprogram for Vaksdal vassverk, planID 2015001.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 93/2015 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §12-9 fastset kommunestyret i Vaksdal endeleg planprogram for Vaksdal vassverk, planID 2015001.

---

**94/2015: TENESTEAVTALE 8 - SAMHANDLING INNAN SVANGERSKAPS- FØDSELS- OG BARSELOMSORG**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

**Levekårsutvalet 09.11.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 21/2015 Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**KOM - sak 94/2015 Vedtak:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

---

**95/2015: BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2016 - NY OPPMODING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune vil auka busetting av flyktningar i 2016 til inntil 25 personar med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle. Kommunen er positiv til utvida busetting i 2017, men vil ikkje gjere vedtak om det no.

Vaksdal kommune stiller seg positiv til busetting av 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og vil gjennom dialog med Fylkesmannen/IMDI vurdere korleis dette kan løysast.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Rådmannen orienterte.

**Framlegg frå Boris Groth, FRP:**

*Vidareføre vedtak av 22.06.15 om busetting av 20 flyktningar.*

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget frå Boris Groth - 2 røysta for Boris Groth sitt framlegg (Boris Groth, FRP og Anders Jin Risnes, AP)

**KOM - sak 95/2015 Vedtak:**

Vaksdal kommune vil auka busetting av flyktningar i 2016 til inntil 25 personar med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle. Kommunen er positiv til utvida busetting i 2017, men vil ikkje gjere vedtak om det no.

Vaksdal kommune stiller seg positiv til busetting av 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og vil gjennom dialog med Fylkesmannen/IMDI vurdere korleis dette kan løysast.

---



### 96/2015: HØYRINGSSVAR TIL PLANPROGRAMMET FOR REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR HORDALAND

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kommunestyret i Vaksdal vil likevel peika på nokre tema som vil supplera planprogrammet på ein god måte:

- **Viktige omkøyringsvegar for riksvegar**

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «*mellom to stolar*». Kommunestyret vil i denne samanheng peika på viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet, til dømes Fv 569 Dalseid-Romarheim og Fv 314 gjennom Bergsdalen som nødvendige omkøyringsveg for E16. Kommunestyret i Vaksdal oppfordrar fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen ved å nytte inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett
2. Viktige omkøyringsvegar
3. Øvrige fylkevegar

- **Skredsikring**

Vaksdal er ein skredutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnerver. Det er viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan.

- **Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett**

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utvikling i ein kommune, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad-, næringsareal og område for fritidsbustader kan på denne måten verta «*låst inne*» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kommunestyret i Vaksdal vil oppfordra fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Gang- og sykkelveg gjennom tettstadar – utvida bruk av sykkel og el-syklar**

Kommunestyret i Vaksdal viser til tema «5.1.7 Sykkel og gange» og til at «*Sykelstrategi for Bergen og Gåbyen Bergen*» skal liggja til grunn for sykkel- og gangtiltak i tettstadar i fylket. Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen. Me vil i den samanheng peika på at el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i tunnelar som to faktorar som kan utvida dei naturlege grensene for tettstadar og knyta bygder saman.

- **Kollektivtransport mellom regionsenter og Bergen – knyta regionane saman**

Eit robust og effektivt kollektivnett mellom regionane i Hordaland vil leggja grunnlag for samhandling



og vekst. Perspektivet på kollektivsatsinga må vera at heile fylket vert teke i bruk. Kollektivtransport koordinert med reiselivskorridorar vil styrkja grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kommunestyret i Vaksdal peikar på behovet for saumlause løysingar for billett- og overgangssystem mellom ulike transportaktørar.

- **Innfartsparkering for overgang til buss/tog**

Eit viktig verkemiddel for eit framtidretta og miljøvenleg transportsystem vil vere tilrettelegging for innfartsparkering og overgang til tog og bybane. Ein utvida arbeidsmarknad vil gje positive regionale ringverknader. Kommunestyret i Vaksdal vil peike på innfartsparkering som plantema, og nevner spesielt Vossebanen som transportåre for pendlarar.

- **Grunnlagsdokument og utgreiingsbehov**

Når det gjeld utgreiingsbehov syner kommunestyret til *pågåande mogelegheitsstudie for regional utvikling* i traseen Voss-Arna, som vert ferdigstilt rundt nyttårsskiftet 2015/16, og som vil vere ei viktig kjelde også for prioriteringar i fylkesvegnettet. Denne mogelegheitsstudien vil også innehalde tema *massehandtering*, som er utfordrande og heilt nødvendig å løyse for infrastrukturprosjekt.

- **Massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt**

Kommunestyret i Vaksdal peikar på at store infrastrukturprosjekt i regionen vil kreve løysingar på tvers av kommunegrenser, og difor bør vere eige plantema.

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015

#### **Behandling:**

Saka skal til behandling i kommunestyret. Fristen for å kome med høyringsuttale er 27. november. Uttalen vert sendt Hordaland fylkeskommune med atterhald om kommunestyret sitt vedtak.

Samrøystes vedtak.

#### **FPØ - sak 111/2015 Tilråding:**

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kommunestyret i Vaksdal vil likevel peika på nokre tema som vil supplera planprogrammet på ein god måte:

- **Viktige omkøyringsvegar for riksvegar**

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «*mellom to stolar*». Kommunestyret vil i denne samanheng peika på viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet, til dømes Fv 569 Dalseid-Romarheim og Fv 314 gjennom Bergsdalen som nødvendige omkøyringsveg for E16. Kommunestyret i Vaksdal oppfordrar fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen ved å nytte



inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett
2. Viktige omkøyringsveggar
3. Øvrige fylkeveggar

- **Skredsikring**

Vaksdal er ein skredutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnerver. Det er viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan.

- **Prioritering av fylkesveggar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett**

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utvikling i ein kommune, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad- , næringsareal og område for fritidsbustader kan på denne måten verta «*låst inne*» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kommunestyret i Vaksdal vil oppfordra fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Gang- og sykkelveg gjennom tettstadar – utvida bruk av sykkel og el-syklar**

Kommunestyret i Vaksdal viser til tema «5.1.7 Sykkel og gange» og til at «*Sykelstrategi for Bergen og Gåbyen Bergen*» skal liggja til grunn for sykkel- og gangtiltak i tettstadar i fylket. Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen. Me vil i den samanheng peika på at el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i tunnelar som to faktorar som kan utvida dei naturlege grensene for tettstadar og knyta bygder saman.

- **Kollektivtransport mellom regionsenter og Bergen – knyta regionane saman**

Eit robust og effektivt kollektivnett mellom regionane i Hordaland vil leggja grunnlag for samhandling og vekst. Perspektivet på kollektivsatsinga må vera at heile fylket vert teke i bruk. Kollektivtransport koordinert med reiselivskorridorar vil styrkja grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kommunestyret i Vaksdal peikar på behovet for saumlause løysingar for billett- og overgangssystem mellom ulike transportaktørar.

- **Innfartsparkering for overgang til buss/tog**

Eit viktig verkemiddel for eit framtidssretta og miljøvenleg transportsystem vil vere tilrettelegging for innfartsparkering og overgang til tog og bybane. Ein utvida arbeidsmarknad vil gje positive regionale ringverknader. Kommunestyret i Vaksdal vil peike på innfartsparkering som plantema, og nevner spesielt Vossebanen som transportåre for pendlarar.

- **Grunnlagsdokument og utgreiingsbehov**

Når det gjeld utgreiingsbehov syner kommunestyret til *pågåande mogelegheitsstudie for regional utvikling* i traseen Voss-Arna, som vert ferdigstilt rundt nyttårsskiftet 2015/16, og som vil vere ei viktig kjelde også for prioriteringar i fylkesvegnettet. Denne mogelegheitsstudien vil også innehalde tema *massehandtering*, som er utfordrande og heilt nødvendig å løyse for infrastrukturprosjekt.



- **Massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt**

Kommunestyret i Vaksdal peikar på at store infrastrukturprosjekt i regionen vil kreve løysingar på tvers av kommunegrensar, og difor bør vere eige plantema.

### Kommunestyret 14.12.2015

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **KOM - sak 96/2015 Vedtak:**

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kommunestyret i Vaksdal vil likevel peika på nokre tema som vil supplera planprogrammet på ein god måte:

- **Viktige omkøyringsvegar for riksvegar**

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «*mellom to stolar*». Kommunestyret vil i denne samanheng peika på viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet, til dømes Fv 569 Dalseid-Romarheim og Fv 314 gjennom Bergsdalen som nødvendige omkøyringsveg for E16. Kommunestyret i Vaksdal oppfordrar fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen ved å nytte inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett
2. Viktige omkøyringsvegar
3. Øvrige fylkevegar

- **Skredsikring**

Vaksdal er ein skredutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnerver. Det er viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan.

- **Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett**

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utvikling i ein kommune, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad-, næringsareal og område for fritidsbustader kan på denne måten verta «*låst inne*» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kommunestyret i Vaksdal vil oppfordra fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Gang- og sykkelveg gjennom tettstadar – utvida bruk av sykkel og el-syklar**

Kommunestyret i Vaksdal viser til tema «5.1.7 Sykkel og gange» og til at «Sykkelstrategi for Bergen og Gåbyen Bergen» skal liggja til grunn for sykkel- og gangtiltak i tettstadar i fylket. Gang- og



sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen. Me vil i den samanheng peika på at el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i tunnelar som to faktorar som kan utvida dei naturlege grensene for tettstadar og knyta bygder saman.

- **Kollektivtransport mellom regionscenter og Bergen – knyta regionane saman**

Eit robust og effektivt kollektivnett mellom regionane i Hordaland vil leggja grunnlag for samhandling og vekst. Perspektivet på kollektivsatsinga må vera at heile fylket vert teke i bruk. Kollektivtransport koordinert med reiselivskorridorar vil styrkja grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kommunestyret i Vaksdal peikar på behovet for saumlause løysingar for billett- og overgangssystem mellom ulike transportaktørar.

- **Innfartsparkering for overgang til buss/tog**

Eit viktig verkemiddel for eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem vil vere tilrettelegging for innfartsparkering og overgang til tog og bybane. Ein utvida arbeidsmarknad vil gje positive regionale ringverknader. Kommunestyret i Vaksdal vil peike på innfartsparkering som plantema, og nevner spesielt Vossebanen som transportåre for pendlarar.

- **Grunnlagsdokument og utgreiingsbehov**

Når det gjeld utgreiingsbehov syner kommunestyret til *pågåande mogelegheitsstudie for regional utvikling* i traseen Voss-Arna, som vert ferdigstilt rundt nyttårsskiftet 2015/16, og som vil vere ei viktig kjelde også for prioriteringar i fylkesvegnettet. Denne mogelegheitsstudien vil også innehalde tema *massehandtering*, som er utfordrande og heilt nødvendig å løyse for infrastrukturprosjekt.

- **Massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt**

Kommunestyret i Vaksdal peikar på at store infrastrukturprosjekt i regionen vil kreve løysingar på tvers av kommunegrenser, og difor bør vere eige plantema.

---

### 97/2015: SØKNAD OM KONSESJON FOR BOGE 3 - NY VURDERING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

##### Alternativ 1:

Vaksdal kommune går i mot at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje auka risiko for ureining av Bogevatnet som reservevasskjelde.

Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert, og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger. Norgesmøllene AS vil få økte energikostnader og mindre tilgjengelig kraft / effekt, då spesielt vinterstid, som følgje av avtale mellom Norgesmøllene AS og Norsk Grønnkraft AS.





## Vaksdal kommune

Overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar mellom Krosstjørnane og Bogevatnet.

### Alternativ 2:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk på følgjande vilkår:

1. Vaksdal kommune legg til grunn at partane etablerer ein samordningsavtale som sikrer avbøtande tiltak for negative verknader av utbygginga.
2. Endringsmeldingane som Boge kraft har sendt inn til NVE vert inntatt i konsesjon med følgjande tilleggsvilkår.
  - a. Byggningsmessige tiltak i nedbørfelt til Bogevatnet kan ikkje starte før ny vassskjelde i Sædalen er sett i drift samt at det ligg føre oppstartsløyve frå Mattilsynet.
  - b. Vaksdal kommune og Boge kraft må inngå avtale om leie av kommunens fallretter frå Krosstjørnane til Bogevatnet.
  - c. Det vert sett miljøkrav til utbygginga som gir tilstrekkeleg tryggleik for Bogevatnet som framtidig reservevassskjelde.
  - d. Framføringsveg for kraftverk skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.
  - e. Regulering av kva som skal skje med massane
  - f. Avbøtande tiltak for natur og friluftsliv

### Kommunestyret 14.12.2015

#### **Behandling:**

Rådmannen gav ein saksopplysning mottatt på epost frå dagleg leiar i Norsk Grønnkraft:

*"Norsk Grønnkraft fakturerer ved siden av strømsalget til Norgesmøllene en nettleie som inkluderer fastledd, effektledd og energiledd."*

Dei 2 alternative framlegga frå rådmannen vart sett opp mot kvarandre - alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - sak 97/2015 Vedtak:**

Vaksdal kommune går i mot at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevassskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevassskjelde. Tiltaket kan gje auka risiko for ureining av Bogevatnet som reservevassskjelde.

Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert, og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger. Norgesmøllene AS vil få økte energikostnader og mindre tilgjengelig kraft / effekt, då spesielt vinterstid, som følgje av avtale mellom Norgesmøllene AS og Norsk Grønnkraft AS.

Overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar mellom Krosstjørnane og Bogevatnet.



**98/2015: FLYKTNINGSITUASJONEN - BEHOV FOR MOTTAKSPASSAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret ber rådmann utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør og førebu eit eventuelt tilbod til UDI. Kommunestyret fattar endeleg vedtak om ei eventuell deltaking i konkurranseutlysing.
2. Kommunestyret ønskjer ikkje å utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør på noverande tidspunkt.

**Kommunestyret 14.12.2015**

**Behandling:**

Dei 2 alternative framlegga frå rådmannen vart sett opp mot kvarandre - alternativ 1 blei vedteke mot 4 røyster (H, FRP, Anders Risnes (AP))

**KOM - sak 98/2015 Vedtak:**

Kommunestyret ber rådmann utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør og førebu eit eventuelt tilbod til UDI. Kommunestyret fattar endeleg vedtak om ei eventuell deltaking i konkurranseutlysing.

---

**ORIENTERINGAR:**

Før sak 78/2015 Referatsaker og meldingar orienterte brannsjefen i Bergen om samarbeidsavtalane med Osterøy og Samnanger kommune, jfr. sak 92/2015.

**SPØRSMÅL:**

**Kjartan Haugsnes**

Om bruk av midlane til opprusting av skuleplassen på Vaksdal  
Rådmannen og ordføraren svarte

**Anneli Vatle Lilletvedt**

Ba om at informasjon om Tettaneset vart oversendt aktuelle byggmeisterar  
Ordføraren kommenterte